

Ordensreglement for Varhaug ungdomsskule

På Varhaug ungdomsskule skal elevar, tilsette og føresette samarbeida for at alle skal ha eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring.

Ved mistanke om mobbing skal mobbeplanen iverksetjast med ein gong.

Ordensreglane gjeld på skulen sitt område, på skulevegen, og i samband med alle arrangement både på dagtid og kveldstid i skulen sin regi.

Rektor kan i enkelttilfelle iverksetja andre reglar dersom det er nødvendig for at skulen skal fungera best mogleg.

1. Skuletida

Undervisninga føregår i tidsromet kl. 08.30 - 14.05.

Elevane kan forlata skulen sitt område i midttimen.

Den/dei som kjem for seint til undervisninga får merknad på *orden*.

2. Fråvær

All melding frå heimen angående fråvær skal anten skrivast:

- I meldingsboka
- Som mail eller SMS til kontaktlærer
- I Visma Flyt

Ein kan også melde frå pr. telefon.

Udokumentert/ugyldig fråvær vert ført som merknad på *orden*.

3. Respekt

Alle skal visa respekt for kvarandre, der utidig og nedlatande språkbruk ikkje er akseptert.

Reaksjon ved regelbrot: Merknad på *åtferd*

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon:	Heimeside:	Organisasjonsnr:
Opstadvegen 601 4360 VARHAUG	Opstadvegen 601 4360 VARHAUG	5179 88 50	www.ha.no/vau	964 969 590

post.varhaug.ungdomsskule@ha.kommune.no

4. Arbeidsinnsats, lekser og utstyr i undervisninga

Skulen forventar at elevane gjer så godt dei kan når det gjeld arbeidsinnsats. Ein forventar og at elevane har med seg utstyr og andre hjelpemiddel som dei treng i undervisninga.

Skulen forventar også at heimearbeidet vert gjort til avtalt tid.

Reaksjon ved regelbrot: Merknad på *orden*.

5. Opphald/Ballspele

Elevane skal ikkje opphalda seg på parkeringsplassen, bak gymnastikksalen, kunst- og handverksavdelinga eller bak garasjen.

Ballspele skal gå føre seg på tilvist plass, ikkje mot skulebygninga. Snøballkasting er forbode, bortsett frå dei gongane det blir tilvist særleg plass til det.

Reaksjon ved regelbrot: Merknad på *orden*.

6. Sykkel/moped/el-scooter/traktor:

Elevar som sykklar til skulen, set syklane på tilvist plass. Elevar som køyrer moped/el-scooter til skulen parkerer denne på øvre parkeringsplass.

Skulen frarår elevar å bruka traktor som skyssmiddel til skulen. Dei får ikkje bruka skulen sin parkeringsplass.

Reaksjon ved regelbrot: Merknad på *orden*.

7. Skade og hærverk

Elevar som av ulike årsaker påfører skade eller tap på inventar, utstyr, bygningar eller andre personar sine eigedelar, må rekna med å betala delar av eller heile skadebeløpet. Heimen skal varslast og eleven har rett til å uttala seg før rektor tek avgjerd.

Reaksjon på regelbrot: Merknad på *åtferd*

8. Mobiltelefon/Smart-klokke

Mobiltelefonen skal ikkje brukast i timen. Den skal liggja i mobilhotellet i klasserommet, avslått eller i flymodus.

I kroppsøving/symjing skal mobiltelefonar og evt. smart-klokker samlast inn av lærar før elevane går i garderoben.

Reaksjon ved regelbrot: Inndraging av mobiltelefon. Eleven får den att seinast på slutten av skuledagen. Merknad på *orden*

9. Tobakk, snus og rusmiddel

Bruk av tobakk, snus og andre rusmiddel på skulen eller på skulevegen, er forbode.

Reaksjon ved bruk av tobakk: Inndraging, melding til heimen og merknad på *orden*.

Reaksjon ved mistanke om, eller ved bruk av rusmiddel: Kontakt med barnevernet/politiet, melding til heimen.

Ved påvist bruk av rusmiddel vert det i tillegg inndraging og merknad på *orden*.

10. Snop

Det er ikkje lov å eta snop på skulen, eller å drikka brus i skuletida.

Elevane kan ha tyggi.

Reaksjon ved regelbrot: Inndraging og merknad på *orden*.

11. Fusk

Fusk og forsøk på fusk er ulovleg.

Reaksjon ved regelbrot: Merknad på *orden* og melding til heimen.

12. Ulovlege og farlege gjenstandar

Elevar kan ikkje ha med seg ulovlege eller farlege gjenstandar på skulen.

Reaksjon ved regelbrot: Ulovlege gjenstandar vert inndratt og overlevert politiet

Farlege gjenstandar vert inndratt og foreldre/føresette må kvittera dei ut. Merknad på *orden*.

13. Bortvising

Elevar som alvorleg eller fleire gonger bryt skulen sitt reglement, kan visast bort frå enkelttimar, resten av dagen eller inntil tre dagar (Opplæringslova §2-10). Det er ein føresetnad at skulen har vurdert å bruka andre tiltak eller reaksjonar overfor eleven før ein gjer vedtak om *bortvising*.

Det er kun rektor som kan gjera vedtak om bortvising. Eleven og heimen skal ha anledning til å uttala seg før eit eventuelt vedtak.